| | |
|---|---|
| **Arkiv:** | <arkivID><jpID> FA-U01, FE-233 |
| **JournalpostID:** | |
| **Sakshandsamar:** | |
| **Dato:** | 14.06.2021 |

Saksframlegg

| Saksnr. | Utval | Møtedato |
|---|---|---|
| 089/21 | Utval for næringutvikling og drift | 22.06.2021 |

## Søknad til Næringsfondet 2021. Nordhordland Næringslag - Næringskonferansen 2021

**Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

Prosjektet *Næringskonferansen 2021 får tildelt* kr 50 000 til frå næringsfondet i Alver kommune.

## Utval for næringutvikling og drift 22.06.2021:

## Handsaming:

Utvalet vedtok samrøystes rådmannen sitt framlegg til vedtak.

## ND- 089/21 Vedtak:

Prosjektet *Næringskonferansen 2021 får tildelt* kr 50 000 til frå næringsfondet i Alver kommune.

**Politisk handsaming**

Saka skal avgjerast i utval for næringsutvikling og drift.

**Bakgrunn**

Nordhordland Næringslag (NONL) er ei medlemsforening for næringslivet. Bransje: 94.991 Aktiviteter i andre interesseorganisasjoner ikke nevnt annet sted. Registrert i noverande form 25.09.2004. Kjelde: Proff.no

**Saksopplysningar:**

Næringskonferansen i regi av NONL blir gjennomført annakvart år i veka før valet (8. sep 2021), og er gratis for alle deltakarane. Konferansen er vel etablert med meir enn 650 deltakarar frå politisk leiing, næringsliv og det offentlege i regionen. Alver kommune har også tidlegare støtta konferansen. Når det gjeld anna finansiering har NONL søkt stønad frå SPV, og har tidlegare mottatt stønad derfrå.

Årets hovudtema er «Den grønne Ledertrøyen» - grønn energi - grønn matproduksjon - grønn leverandørindustri. I år har allereie fleire statsrådar takka ja til å delta. Utgifter til konferansen er mellom anna til foredragshaldarar, lyd/lys/foto/film, matservering, annonsering og planlegging.

<u>Prosjektleveranse/Målsetting</u>

Konferansen har fokus på samfunnsutvikling og attraktivitet.

<u>Prosjektøkonomi.</u>

| Prosjektnamn | Pr. kostnad | Søknadssum | Framlegg |
|---|---:|---:|---:|
| **Næringskonferansen 2021** | 500 000 | 80 000 | 50 000 |

<u>Vurdering</u>

Vurderinga tar utgangspunkt i Fondsvedtektene for Næringsfondet. Etter ei samla vurdering ligg prosjektsøknaden innanfor Næringsfondets kriteriar ved at det viser til berekraftig næringsutvikling, potensial for utvikling av nye arbeidsplassar, innovasjon, nyskaping, samarbeid og kompetanseutvikling.

## Vedlegg i saken:

| | | |
|---|---|---|
| 15.06.2021 | 21_NONL_Næringskonferanse_soknad-2021-0011_30 mar 2021 | 1573066 |